

**Til representantskapsmøtet**

**Saksnr.:** 4/2023  
**Dato:** 15. november 2023

**Rammebudsjett Unio 2024**

Budsjettet er laga med utgangspunkt i revisorbekrefta medlemstal per 1.1.2023, ein venta medlemsvekst på 2000 yrkesaktive medlemmer og regulering av kontingenten basert på SSB sitt anslag for lønnsauke for 2023 på 5,3 prosent.

**Inntekter:**

Kontingentinntekter inkl. medlemsvekst på 2000 yrkesaktive medlemmer og ein regulering på totalt 5,3 prosent	kr	-49 843 275
Finansinntekter	kr	-2 000 000
Avskrivningar	kr	600 000

**Midlar til disposisjon** **kr -51 243 275**

**I tillegg:**

Berekna OU-midlar på 4 prosent	kr	11 764 600
--------------------------------	----	------------

Utgiftene er basert på erfaringstal, halvårsregnskap 2023, Unios politiske plattform og planar for 2022–2024.

Det er lagt opp til eit budsjett i balanse.

**Kommentarar til enkelte budsjettpostar****Avdeling 1 Administrasjon**

Ein generell prisjustering på varer og tenester og løn, pensjon tilsette, pendlarreiser, husleige. Det blir også ekstrautgifter i forbindelse med permisjon og andre personalkostnader.

**Avdeling 2 Forhandlingsarbeid**

Det er hovudoppgjer i 2024 og det er, i høve til hovudoppgjeret i 2023, venta auke i kostnader. I tillegg blir det stipulerte ekstrautgifter til fornying av KBS (konfliktberedskapssystem).

**Avdeling 3 Informasjon/presse**

Det blir budsjettert med økte kostnader for 2024, med ein auke for å særleg handtere eit krevjande tariffoppgjer.

#### **Avdeling 4 Politisk aktivitet**

Vi ventar etter styrking av sekretariatet auka drift under avdeling 4 politisk aktivitet. Internasjonal aktivitet har tatt seg opp etter pandemien og ulke arrangement som Arendalsveka, Pride og frukostseminar og annan fagleg aktivitet går som normalt og med ambisjon om økt aktivitet.

#### **Avdeling 5 Kontingenter andre organisasjonar**

Det blir lagt til grunn ein liten kostnadsauke for 2024 samanlikna med 2023.

I **OU-budsjettet** er det lagt konfliktskolering, Unios verneombodskonferanse (VOK 2024), Nav-konferanse og anna tillitsvaltopplæring.

#### **Styret rår representantskapet til å fatte følgjande vedtak:**

Rammebudsjett for 2024 blir vedtatt inklusive 4 prosent av forventna OU-midlar. Styret har fullmakt til å foreta naudsynte omdisponeringar i budsjettet innanfor ramma av inntektene for 2024.

Unio



Ragnhild Lied  
leiar

Saksbehandlar: Jon Olav Bjergene

Vedlegg: Rammebudsjett drift og budsjett OU-midlar

<b>Rammebudsjett – drift</b>	<b>2023</b>	2024
Inntekter	-46 008 084	<b>-51 243 275</b>
Administrasjon	34 100 000	<b>36 500 000</b>
Forhandlingsarbeid	3 190 000	<b>4 943 275</b>
Informasjon/presse	1 070 000	<b>1 400 000</b>
Politisk aktivitet	5 418 084	<b>6 000 000</b>
Kontingenter andre organisasjonar	2 230 000	<b>2 400 000</b>

<b>Budsjett OU-midlar</b>	2023	<b>2024</b>
Totalt forventta OU-midlar 4 prosent	11 024 305	<b>11 744 600</b>
OU-midlar stat	3 485 316	<b>3 800 000</b>
OU-midlar KS	6 585 849	<b>7 100 000</b>
OU-midlar Oslo kommune	75 023	<b>73 600</b>
OU-midlar Spekter	878 117	<b>771 000</b>